

Haustetilrådingar per 19.sept 2016 (etter prøveuttaking 19.sept)

Det vart teke ut prøvar av Raud Aroma og Rubinstep i dag. I dei hagane som vi har teke prøvar har ikkje utviklinga gått spesielt fort, til tross for den høge temperaturen sist veka. Vi nærmar oss hausting av Aroma og **pass på utviklinga i eigen hage!** Det er mange faktorar som gjer at enkelte hagar kan bli modne tidlegare enn forventa. Avlingsnivå, vatning osv. framskyndar modninga.

Nokre er redde for at epla skal bli overmodne, men prøvane våre viser at det er ikkje tilfelle i testhagane. Epla med god grunnfarge (C3) kan haustas, men epla som fortsatt er tydelig grøne (C2) er harde og har mykje stive igjen. Desse må ikkje haustas endå fordi dei vil gje ein dårlig smaksoppleving for forbrukaren. NB! Dei som kun haustar dei mest modne epla i første omgang kan byrja å hausta tidlegare enn dei som haustar ei større mengde i første runde.

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hjå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyising (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.

Raud Aroma/Aroma

Epla er faste, men fleire hagar nærmar seg rettleiande verdi på 6,5-7,0. Sukkerinnhaldet har gått begge vegar den siste veka. Den negative utviklinga kan skyldast både tilfeldigheit i prøveuttak og det at når epla veks fort går sukkerinnhaldet ned ei stund. Dette skuldast at refraktometerverdien er ein prosentverdi. Grunnfargen er på vei frå C2 til C3 i hagane som er komen lengst i utvikling.

Rettleiande verdiar for stive er 5,0-7,0. På tidlege stader er det derfor nå byrja å bli hausteklart for utorplukking. I Sogndal og på Vangsnes er det nokre dagar igjen til starthausting og her ligg også fargen jevnt på C2.

Grøne eple må få henga litt lengre på treet. Bruk fargevifta i egen hage!

(Sjå prøvetala på neste side.)

Raud Aroma

Dyrkar	Gunvor Lidal	Terje Fosshagen	Ola Aaberge	Arnfinn Feidje	Lasse Djupvik	Rettleiande verdiar
Adresse	Slinde	Fosshagen	Sogndal	Feios	Vangsnes	
Dato	19.09.2016	19.09.2016	19.09.2016	19.09.2016	19.09.2016	
Fruktvekt (kg)	0,199	0,186	0,223	0,172	0,154	
Avling	3	3	2	3-4	3	
Fastleik	7,1	7,6	7,2	6,9	8,1	6,5-7,0
Ref	9,6	10,1	10,7	10,9	9,3	11,2
Stive	4,9	5,3	3,2	4,6	4	5-7
Streif	0,150	0,143	0,209	0,165	0,217	0,07-0,12

Rubinstep

Denne sorten har fortsatt langt igjen og hausting blir truleg ikkje før i månadsskiftet sept/okt.

Rubinstep

Dyrkar	Gunvor Lidal
Adresse	Slinde
Dato	19.09.2016
Fruktvekt (kg)	0,138
Avling	2
Fastleik	10,4
Ref	10,3
Stive	2,7
Streif	0,375

Nye prøvar: Vi tek ut nye prøvar av Aroma i Sogndal og på Vangsnes måndag 26.september. Desse hagane er ikkje hausteklare og vi vil følge utviklinga ei uke til. I tillegg tek vi ein ny prøve av Rubinstep på Slinde.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498